

## Hansen Torunn

---

**Fra:** Vethe Gardsbarnehage [vethetbhg@online.no]

**Sendt:** 21. desember 2007 11:47

**Til:** Postmottak KD

**Emne:** Svar på høyringsuttalelse

Ang. forslag om endringer av barnehageloven:

Vi synest dette forslaget helt og holdent slår bena under alle private barnehager, som fra før av allerede sliter med at kommunen ikke gjør jobben sin i forhold til kommunale tilskudd og likeverdig behandling.

Viser til vedlegg, skrevet av Sissel Aa. Halland og Hildegunn Grundvold og støtter helt og holdent deres kommentarer.

Med vennlig hilsen  
eiere og styre i Vethe Gardsbarnehage AS  
Vi holder til i Voss Kommune.

Kommentar til høringsnotat om endring i lov av  
17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar.

Rett til barnehageplass er eit godt lovforslag i høve til born og familiær.

I høve til barnehagane seier lovforslaget lite om korleis to inntak pr. år skal gjennomførast i barnehagane. Dersom nokre barnehagar må/bør gå med ledig kapasitet, kven dekkar då evnt. inntektstapet????

Ingen av alternativa til finansiering av private barnehagar er gode nok.

Dette fordi:

- Forskrifta om likeverdig behandling av bhg i høve offentleg tilskot vert foreslått oppheva når rammefinansieringa av sektoren inntrer slik at denne finansieringa ikkje sikrar private barnehagar økonomisk likebehandling
- Kommunal finansieringsplikt i høve nye lovbestemmelser vil sikre at det vert laga reglar som fører til lik behandling av dei ikkje - kommunale - barnehagane innan same kommune. Bestemmelsane vil likevel ikkje sikra at alle ikkje - kommunale - barnehagar over heile landet vert behandla likt, men opner for ulike løysningar i dei ulike kommunane. Slik kommunane jobbar ulikt i dag med tanke på tildeling av kommunalt tilskot vil truleg gjenspegle rammefinansieringa.
- Høringsnotatet skriv ingenting om at driftstilskota skal vera forutsigbare
- Høringsnotatet seier heller ingenting om korleis private barnehagar skal kunna etterprøva/kontrollera at tildelt tilskot er rett
- Kven skal godkjenne at dei lokale kommunale forskriftene vert godkjente etter at dei er utarbeidde av den enkelte kommune slik at me veit at ordninga skal vera i tråd med reglane om offentleg støtte, og at pengane vert nytta i samsvar med formålet og at dei kjem barna til gode?

- Kven skal sikra at det ikkje skjer ein overkompensasjon, og i det heile definera kva støttebeløp som er naudsynt i den enkelte barnehage når kommunane no skal få leggje eigne forskrifter til grunn og definera kva det kostar for å drifta barnehageplassar?

Høyringsnotatet nytta ord/setningar som:

- "...antar departementet at kommunen vil sikre de ikke-kommunale barnehagene en tilstrekkelig og forutsigbar finansiering...." s. 29/4
- "Departementet mener at felles nasjonale mål vil til en viss grad sikre likebehandling av ikke-kommunale barnehager." s. 30/5

Når me les høyringsnotatet vert me noko usikre på om private barnehagar er sikra eit reelt driftstilskot. Høyringsnotatet er for lite konkret og legg mykje av vurderinga opp til kommunane. I dag er det store ulikheitar kommunar imellom og eit slikt lovforslag vil berre forsterka dette.

For at systemet for utdeling av driftstilskot skal vera sikkert og forutsigbart, bør kommunane basera tilskota på det som me har i dag, altså tilskot i høve til borna si oppholdstid i barnehagen og alderen deira. På denne måten kan me planlegga drifta og ha ei forutsigbar inntekt.

Sissel Aa.Halland  
Kåreviksmarka Barnehage

Hildegunn Grundvold  
Valvatna Barnehage

Astrid Norekvål Tillung  
Lassebakken barnehage- Voss